

Årdal kommune

Utvikling

Det Kongelige Kommunale- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
08/139-1	07/2419-1 HER	Alf Olsen jr	57 66 50 40	K1-200, K2-	10.01.2008

Sørheimutvalet si innstilling - uttale frå Årdal kommune

Årdal kommune viser til høyringsbrev dagsett 26.10.2007 der departementet sender Sørheimutvalet si vurdering av inntektssystemet for kommunane ut på høyring.

Utvalet sitt mandat omhandlar ei samla vurdering av:

- *"skattens andel av kommunenes inntekter*
- *nivå på og utforming av inntektsutjevningen*
- *selskapsskatten som kommunal skatt*
- *regionalpolitisk begrunnede tilskudd innenfor inntektssystemet*
- *behovet for egne tilskudd til vekst- og fraflyttingskommuner*
- *størrelsen på skjønnsrammen innenfor inntektssystemet*
- *ordningen med oppdatering av befolkningstall i utgiftsutjevningen*
- *behovet for overgangsordninger i inntektssystemet"*

Det vert oppmoda om å knyte ein uttale til punkta. Årdal kommune ønskjer å uttale seg om **selskapsskatten** som kommunal skatt.

Reint prinsipielt meiner kommunen at deler av dei inntektene som vert skapte i kommunen også må komme kommunen direkte til gode. Årdal er dominert av store industribedrifter som konkurrerer i ein internasjonal marknad. Det er store produksjonsvolum som også skapar store inntekter. Årlege overskot dei siste åra har lege kring 1 mrd kroner.

Historisk har tilføring av midlar frå selskapsskatten vore viktig for utvikling av det kommunale tenestetilbodet og å leggje til rette for næringsutvikling. I tida som kjem vil Årdal få auka aktivitet og utvikling i næringslivet. Utvikling og drift av kommunen bør følgje denne utviklinga. I denne stoda er det vanskeleg å akseptere at ressursar til drift av kommunen vert reduserte gjennom omlegginga.

I vår kommunen har produksjonen vore forureinande. Over tid er stoda betra, men me slit med etterverknader. Å få kartlagt forureiningsstoda og setje i verk utbetrande tiltak medfører kostnader også for kommunen. Gjennom ein kommunal selskapsskatt kan ein finansiere kommunen sin ressursinnsats og direkte kostnader. Dette vil også vere meir i samsvar med prinsippet om at forureinar betaler.

Ut frå erfaringar med omstillingsarbeidet i kommune ser me det som sær viktig å ha egne ressursar til næringsutvikling. Ein kommunal selskapsskatt kan gje kommunane slike ressursar. Me ser det som ein svakheit at utvalet konkluderer med statleggjering av selskapsskatten, før det er gjort analysar av kva verknader tilbakeføring av selskapsskatt til kommunane har hatt på insentiva til næringsutvikling.


Utvalet argumenterer med at selskapsskatten kan svinge sterkt frå år til år, og at dette gjev usikre økonomiske rammer for den kommunale drifta. Vidare at ei rekke opplysningar er lovpålagt skjerma for innsyn frå kommunane. Utvalet aksepterer at systemet skal halde fram med å vere slik. Kommunen er usamd i dette og meiner at systemet heller bør leggjast til rette slik at kommunane kan få innsikt og mulegheiter for føreseielege rammer. Som eit minimum bør ein sjå nærare på om ein kan få dette til på ein fornuftig måte, før ein vel å statleggjere skatten. Me er difor samde i utvalet sin konklusjon:

"Dersom selskapsskatten skal videreføres som en kommunal skatt, oppfordrer utvalget derfor til at det jobbes aktivt med å øke mulighetene til innsyn i beregningen av fordelingen av selskapsskatten."

Sjølv om inntektene ikkje er føreseielege, treng ikkje kommunen gjere seg avhengig av desse skattane til løpande drift. Dei kan nyttast til å ta toppar gjennom avsetningar til fond.

Med helsing

Årdal kommune



Alf Olsen jr

Leiar/for utvikling

57 66 50 40

alf.olsen@ardal.kommune.no

Kopi til:

Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon PB 1378 Vika

0114 OSLO